

# Sara Wergeland



Heisann godtfolk,

Eg heiter Sara, studera Havteknologi og stiller til val i fakultetsstyret ved MatNat. Etter tre år på universitetet har eg opplevd både toppar og bunnar som student. Tidligare har eg vore aktiv i studentparlamentet og hatt gleden av å være involvert i Meltzerfondet. Eg ønsker å bruke mi erfaring til å gjere ein forskjell.

Jaja, kvifor stiller eg? Vel, for å forbetra studiekvardagen vår ved å gjera lesesalane meir ergonomiske og undervisninga meir aktuell, dynamisk og engasjerande. Vårt fakultet skal vere ein stad der alle studentar føler seg involverte.

Såå, kvifor velje meg? Opentheit og berekraftig utvikling er noko eg verdset og har trua på. Målet er å bidra til meir langsiktige valg med studentane i fokus.

Håper du vil røyste på meg 😊 Godt val!